



Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen, Fitjar Rådhus
Dato: 21.01.2009
Tid: 15:00 – 18:00

Faste medlemmer som møtte:

| Namn | Funksjon | Reprenter |
|---------------------|--------------|-----------|
| Harald Rydland | Ordførar | KRF |
| Gisle Norvald Levåg | Varaordførar | H |
| Wenche Tislevoll | Medlem | H |
| Agnar Aarskog | Medlem | AP |
| Lars Ove Rimmereid | Medlem | SP |

Forfall:

| Namn | Funksjon | Reprenter |
|------|----------|-----------|
|------|----------|-----------|

Varamedlemmer som møtte:

| Namn | Møtte for | Reprenter |
|------|-----------|-----------|
|------|-----------|-----------|

Frå administrasjonen møtte:

| Namn | Stilling |
|----------------|----------|
| Atle Tornes | Rådmann |
| Kristin Meland | Referent |

Harald Rydland
Ordførar

Lars Ove Rimmereid

Gisle Levåg

Kristin Meland
Møtereferent

| Saksnr | Innhald | Lukket |
|---------|---|--------|
| PS 1/09 | Godkjenning av protokoll | |
| PS 2/09 | Meldingar | |
| PS 3/09 | Gjenopptaking av låneordninga startlån gjennom kommunen | |
| PS 4/09 | Reiselivssatsninga i Sunnhordland - organisering | |
| PS 5/09 | Selskap Håkonar Næringspark | |
| PS 6/09 | Kulturprisen 2008 | |
| PS 7/09 | Næringsprisen 2008 | |
| PS 8/09 | Ymse | |

Takstnemnd og overtakstnemnd var innkalla til møte for å drøfte retningsliner for innføring av eigedomsskatt i Fitjar kommune før møtet.

Formannskapet vart deretter sett kl. 16:00.

PS 1/09 Godkjenning av protokoll

Framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner protokollar frå høvesvis 26.11.2008 og 03.12.2008.

Behandling i Formannskapet - 21.01.2009:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 2/09 Meldingar

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek meldingssakene til vitring.

Behandling i Formannskapet - 21.01.2009:

Rådmannen orienterte om:

1. Kostnader med etablering av NAV-kontor

Utdelt i møtet: Notat vedkomande kostnader med etablering av NAV. Det vert fremja sak om dette til neste møte.

2. Skatteinntekter for 2008

3. Sjukefråvære for avdelingane i kommunen. Resultatet er bra.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 3/09 Gjenopptaking av låneordninga startlån gjennom kommunen

Framlegg til vedtak:

Formannskapet går innfor å ta oppatt ordninga med startlån gjennom kommunen, og ber om å få endeleg sak til neste møte.

Behandling i Formannskapet - 21.01.2009:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 4/09 Reiselivssatsninga i Sunnhordland - organisering

Framlegg til vedtak:

Formannskapet vel.....

Behandling i Formannskapet - 21.01.2009:

Formannskapet drøfta saka.

Representanten Agnar Aarskog (Ap) kom med framlegg på ordførar Harald Rydland som kommunen sin representant.

Samrøystes vedteke.

Vedtak: (Samrøystes)

Formannskapet vel Ronald Hareide og ordførar Harald Rydland.

PS 5/09 Selskap Håkonar Næringspark

Framlegg til vedtak:

Desse vert valde som Fitjar kommune sine representantar i interimsstyret som skal førebu etablering av selskap i Håkonar Næringspark:

- 1.
- 2.

Behandling i Formannskapet - 21.01.2009:

Representanten Gisle Levåg (H) kom med framlegg om Harald Rydland og Bjørg Tislevoll som kommunen sine representantar.

Ordføraren orienterte om at SNU fungerer som sekretariat.

Vedtak: (Samrøystes)

Fitjar kommune sine representantar i interimsstyret som skal førebu etablering av selskap i Håkonar Næringspark:

1. Harald Rydland
2. Bjørg Tislevoll

PS 6/09 Kulturprisen 2008

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt føre utan tilråding.

Behandling i Formannskapet - 21.01.2009:

Ordførar Harald Rydland kom med framlegg om å handsame saka i lukka møte, jfr. § 31.3 i Kommunelova. Formannskapet hadde ikkje merknader til dette.

Ordførar Harald Rydland gjekk frå som ugild. Gisle Levåg tok over som setteordførar.

Vedtak: (Samrøystes, 4 røyster)

Det vert ikkje utdelt kulturpris for 2008.

PS 7/09 Næringsprisen 2008

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt føre utan tilråding.

Behandling i Formannskapet - 21.01.2009:

Ordførar Harald Rydland kom med framlegg om å handsame saka i lukka møte, jfr. § 31.3 i Kommunelova. Formannskapet hadde ikkje merknader til dette.

Vedtak:

Næringsprisen for 2008 går til Fitjar Elektro AS.

PS 8/09 Ymse

Framlegg til vedtak:

Behandling i Formannskapet - 21.01.2009:

Representanten Gisle Levåg (H) hadde følgjande:

1. Innhenting av anbud på avdeling for plan og miljø i forbindelse med gravearbeid. Ordførar Harald Rydland orienterte om at det ikkje har skjedd noko med dette. Fitjar kommune er medlem i innkjøpsforum og kan få hjelp med dette. Ein ber om orientering om dette til neste møte.

2. Tiltakspakke i forbindelse med krisepakke frå regjeringen.

Har Fitjar kommune sett opp prioriteringsliste som kommunen kan nytte seg av? Takkar Fitjar kommune ja til pengene? Kva gjer vi dersom tiltaket er avdragsfritt i 5 år og må tilbakebetalast?

Rådmannen orienterte om at Fitjar kommune har sett på ei prioriteringsliste, men det er usikkert kor stor summen blir.

Representanten Agnar Aarskog (Ap) hadde følgjande:

1. Leikeplass i Bakken – i forbindelse med opparbeiding av barnehagen vart leikeplassen i Bakken teke vekk. Soknerådet skal lage ny leikeplass til Bakken velforening, dette er ikkje gjort. Kommunen har ikkje følgt opp.

Ordføraren skriv brev og syner til vedtak i kommunestyret.

Representanten Wenche Tislevoll (H) hadde fylgjande:

1. Etterlyste nemnd for utbygging av Rimbareid skule.

Rådmannen orienterte om at nemnd for handsaming av skulebruksplan skal handsamast i Utval for oppvekst og omsorg 27. januar. Denne vil omfatta Rimbareid skule.

2. Det er viktig å få oppstart av kommuneplanen.

3. Manglande salting på Koløyvegen. Skulebussen har nekta å kjøre et par ganger i vinter. Dette må sjekkast opp.

Rådmannen orienterte om at kommunen ikkje har automatisk plikt til å salta vegar.

Ordførar Harald Rydland (KrF) orienterte om:

1. Mogleg å få i gang båtrute i Fitjarøyane 1 dag i veka til sommeren.

2. Samarbeidsrådet – det skal lagast handlingsplan for fylkesvegnett i 2010. Fylket skal overta statlege vegar. Det bør førast oversikt over kva som bør vedlikehaldast og omfattande tiltak. Det er oppretta gruppe som skal samarbeide med fylkeskommunen. Fitjar kommune stiller med 2 personar til møte i februar, rådmann og ordførar.

3. Refererte frå ordførarmøte om interkommunalt samarbeid i Sunnhordland som går på byggesak, kart og oppmåling, drift av data, psykiatri og rehabilitering.

4. Det vert vurdert å sende ut infoskriv til nye innbyggjarar, evt. å invitere nye innbyggjarar til informasjonsmøte eit par ganger i året.

Vedtak: